

– Vigdøla har ikkje me

■■ Ny tapping opprører ■■ Grenda mot Statkraft ■■ Naturvernforbund

VIGDALEN: – Å ta Vigdøla er å ta bort det som betyr noko for dei som bur her, seier Erik Solheim.

Han snakka til 25 frammøtte under vassdragstreffet i Vigdalen. Eit samla grendalag ser mørkt på utsiktene dersom Statkraft får lov til å reisa med endå ein stor slump av den flotte sideelva i Jostedalen.

Skulle haldast

– Restvassføringa skulle haldast, seier Astrid Fossøy, og minnest den store utbygginga frå midten av 80-talet. Dei gamle i dalføret, som hugsar på kva vilkår vatnet vart avgjeve til storsamfunnet, kjenner seg svikne når dei same interessene no ber NVE om nye 50 prosent av det attverande vatnet i Vigdøla.

– Først tok dei 40 prosent av elva vår, no ynskjer dei halvdelen av det som er att, det inneber at Vigdøla sit att med tretti prosent av vassføringa, seier Karin Bakke i grendalaget.

Ei livsnerve

For det vesle samfunnet er dette ei stor ulukke. – Me høyrde på elva kva veret blei dagen etter, slik er det ikkje lenger, seier Astrid Fossøy, som har vakse opp kloss i Vigdøla. No ber ho om støtte til å berga det som er att.

I Naturvernforbundet mobiliserer dei på vegner av Vigdøla.

– Det er ei flott elv, godt tilgjengeleg både visuelt og fysisk, seier vassdragsansvarleg i forbundet, Honorata Gajda, som ikkje nøler med å karakterisera Vigdøla som livsnerva i den bratte dalen.

– Ei omstøyting

Erik Solheim minner om at Jostedalutbygginga, som tok eit stort jafs av Vigdøla sitt ned-



EI OMSTØYTING: – Statkraft inviterer til å omstøya det reelle innhaldet i utbyggingsvedtaket frå 80-talet, seier Erik Solheim, og minner om kompromissføring få vera i fred.

slagsfelt, var resultatet av eit balansert kompromiss. – Statkraft sin konsesjonssøknad er i prinsippet ein invitasjon til å omstøya Stortinget sitt utbyggingsvedtak den gongen, seier Erik Solheim.

– Vår oppfatning har vore at

Vigdøla etter den utbygginga ikkje skulle rørast meir, at restvassføringa skulle skjermast mot nye utbyggingsplanar, seier Hans Fossøy.

Vigdøla på lista

Norges naturvernforbund har

sett opp ei liste på tolv truga vassdrag. Vigdøla er eitt av desse. Her i fylket er også Gjengedalsvassdraget med på lista. – Eg håpar me skal klara berga naturperla Vigdøla, seier Honorata Gajda.

Elisabeth Dahle i Forum for

natur og friluftsliv (FNF) peiker på den utsette posisjonen Sogn og Fjordane sin vassdragsnatur har kome i. – Få fylke er meir truga enn vårt, me er også det fylket som har avgjeve mest til storsamfunnet, dessutan er me på tredje-

Feit butikk for Statkraft

VIGDALEN: Statkraft ventar ikkje eit svar frå NVE før utpå vinteren, seier Kåre Hønsi, prosjektleiar for Statkraft sine utbyggingsplanar i Vigdalen.

Det inneber at det kan gå endå eitt år innan ein nye energiminister får Vigdøla opp på bordet sitt.

Robust økonomi

Kåre Hønsi gjorde greie for Statkraft sine planar for Vigdøla. Den statlege utbyggjaren, som har som oppdrag å

speida etter ny kraft frå både rørde og urørde vassdrag, sende konsesjonssøknaden i 2009. Selskapet ynskjer ta inn Vigdøla i det etablerte produksjonssystemet.

Frå 605 høgdemeter er det planen at restvassføringa i Vigdøla skal tappast for nye femti prosent. Vatnet skal først gjennom ein 1,3 kilometer lang tunnel og enda opp i fjellet kloss ved Jostedal kraftstasjon.

– Eit svært gundtig prosjekt, med robust økonomi, seier Kåre Hønsi.

– Akseptabelt


Statkraft seier dei kan skaffa samfunnet 48 GWh for rundt

150 millionar kroner. Det gjev tre kroner per kWh, som er robust grensande til gullkanta. Men kostnaden med å byggja ut vasskraft er inne i ein snøgt veksande spiral, reknestykket må såleis justerast opp år for år. Kåre Hønsi stadfestar at det vatnet som er att i Vigdøla vil bli frårøva halvparten etter inn- tak på 605 meter.

Vestsida dropa

– Konsekvensutgreiinga viser at ulempe er akseptable, seier han.

Statkraft valde i fjor å dropa planane om ei utbygging av sju vestsideelvar i Jostedalen.



MEIR KRAFT: Kåre Hønsi, prosjektleiar for Statkraft, gjorde greie for giganten sine planar for eit nytt jafs i Vigdøla.

Meir å gje

det stør opp



misst som sparde Fåbergstølen og let 60 prosent av Vigdøla si

plass på ei liste over siste års tap av inngrepsfri natur, det er ingen grunn til at me skal ofra meir av landets flottaste og mest varierte natur, seier ho.

Miljøverknaden

I Naturvernforbundet er dei storleg forbausa over at konsekvensutgreiinga i Statkraft sin konsesjonsøknad kan konkludera med småe

negative verknader for miljøet.

– Halv vassføring rekna mot den eksisterande restvassføringa vil få store konsekvensar for 267 dyre- og planteartar som lever i og langs denne elva, seier Honorata Gajda.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no



PÅ VIKTIG LISTE: – Vigdøla er ei elv det er verdt å kjempa for, seier Honorata Gajda i Naturvernforbundet, og erklærer kamp for tolv truga vassdrag, mellom desse Vigdøla, Karin Bakke og Astrid Fosøy er svært urolege framfor NVE sitt vedtak.

Norskkurs for framandspråklege

AURLAND: Måndag 26. august startar Aurland kommune opp att norskundervisninga for framandspråklege. Undervisninga vert også i år i Kunnskapstunet, på måndagar og torsdagar, opplyser kommunen på heimesida.

Trøytt jord

LEIKANGER: Jordtrøytteleik er ei stor utfordring i internasjonal fruktproduksjon, særleg i Sydtyrol og og viktige fruktdistrikt i USA. Temaet er også relevant her i landet. Njøs næringsutvikling set fokus på jordtrøytteleik i frukt og bær og bruk av kompostte som mottiltak. Jordtrøytteleik er når ein har problem med å få planter til å vekse normalt på areal der det tidlegare har vore planter av same eller nærstående art. Redusert plantevekst gir redusert avling og kvalitet. Det er invitert fleire eksterne fagfolk til å innleia om emnet på Njøs.



STORFORBRUK I FOKUS: Hanne- Mette Yttri og avdelingsleiar i kontoravdelinga Vidar Walsvik ser fram til å supplera med eit noko utradisjonelt vareutval i bokvarehandelen.

Bokhandel siktar mot ny marknad

SOGNDAL: Med dopapir, kaffi og vaskemiddel i hyllene tek Skjeldestad Libris opp kampen om kundane.

– Me har mange å konkurrera med, og vonar at me på denne måten vil stå sterkare mot bedriftsmarknaden, seier Vidar Walsvik, leiar i kontoravdelinga.

Gradvis satsing

Samarbeidet med kjeda Kontorspar starta offisielt i vår, men det er ikkje før no at butikken innvier forbruks-

varene i bokhandelen. I kontoravdelinga der ein tidlegare gjekk for å kjøpa stiftemaskin og permar, finn ein no det ein treng for å gjera kroppen mett og doen rein.

– Satsinga på kontorrekvisita og bedriftsmarknaden har skjedd gradvis. Me har fått gode tilbakemeldingar frå bedriftskundar som let vel over eit større og breiare utval, forte Walsvik.

– Tek dei nye varene over hylleplassen til bøkene?

– Nei, me satsar like fullt på å selja bøker.

Konkurranse

Walsvik legg likevel ikkje

skjul på at konkurransen har tilspissa seg når det gjeld å driva bokhandel i Sogndal. Etter at Fjordbok overtok salet av fagbøker i 2006, har konkurrentar innan både bok- og leiketøysbransjen etablert seg på Sogningen.

– Det er klart me merkar konkurransen, men det går bra.

Ragnhild Myklemyr
ragnhild@sognavis.no